



## Statens vegvesen

Asplan Viak AS – Kunngjøring Bergen

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
18/56225-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
05.04.2018

### **Merknad til oppstart av detaljregulering – Utviding av Meland gravplass – Meland kommune**

Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid for detaljreguleringsplan for utviding av Meland gravplass. Høyringsfrist er 25.april 2018.

#### Om planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for ei utviding av gravplassen ved Meland kyrkje. Sjølve gravplassen er tenkt utvida i eit område som er regulert til gravplass i gjeldande reguleringsplan frå 1992. Planarbeidet skal i tillegg leggje til rette for ny veg og parkeringsplass opp til det nye området, for å sikre universell tilgjenge. Ein skal òg leggje til rette for at Bjørnstadvegen, som i dag går gjennom kyrkjetunet, vert lagt om.

Framlegg til planområde grensar til fylkesvegane 244 og 246.

#### Våre merknader

Statens vegvesen meiner det er positivt at kommunal veg Bjørnstadvegen vert lagt om, slik at ein slepp trafikk gjennom kyrkjetunet. Likeeins er vi nøgd med at kommunen vil regulere heile kyrkjegarden på eine sida av fylkesvegen. På den måten unngår ein kryssing av vegen til og frå gravlunden.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

I planarbeidet må ein sikre at vegsystemet får ein trafikksikker utforming både i mellombels fase (med dagens fv. 244) og når fylkesvegen er lagt om i tråd med gjeldande reguleringsplan for Meland kyrkje. Ein må ikkje endre intensjonen i den gjeldande reguleringsplanen når det gjeld framtidig vegsystem, men sikre ei god tilpassing av vegsystemet i dei ulike reguleringsplanane.

Slik plangrensa er føreslått, vil framtidig kryss mellom fv. 244 og Bjørnestadvegen verte i tråd med gjeldande reguleringsplan for Meland kyrkje. Haldeplass for buss er òg regulert i gjeldande plan, og ligg utanfor plangrensa for det oppstarta planarbeidet.

Statens vegvesen ber om at ein utarbeidar ein illustrasjonsteikning som følgjer plandokumenta, som visar kryssløysing i ein mellomfase der ny Bjørnestadveg vert kopla mot eksisterande fylkesveg 244. Statens vegvesen kan gjerne få illustrasjonsteikninga til vurdering før formell høyring av reguleringsplanen. Vi ber om at handbok N100 Veg- og gateutforming vert lagt til grunn ved val og utforming av løysingar. Vi ber vidare om at det vert knytt føresegn til at krysset skal byggast i tråd med prinsippa vist i illustrasjonsteikninga.

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til fylkesvegen kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG